

## Referat frå soknemøte /årsmøte Kviteseid sokn 05.05.2024

Soknemøtet vart halde etter gudstenesta i Kviteseid kyrkje. 29 personar var til stades.

Val av møteleiar: Soknerådsleiar Marit Sørby.

Val av referantar: Dagfinn Kohn og Sigrun G. Moen

Val av to personar til å skrive under referatet: Astrid Breivik og Gunhild Dobbe.

Marit opna møtet og gjekk gjennom nokre av dei sentrale postane i årsmeldinga: Målsetting, medlemmer i soknerådet, soknerådet sitt arbeid, medarbeidarar, utval, komitéar og representasjon.

Det kom spørsmål frå salen om kva arbeidet til den tilsette i «Ønsket og Elsket» inneber.

Svar: Ungdomsarbeid i prostiet (konfirmantleir, leiartrening osv.).

Kyrkjeverje Kristen Salmelid oppsummerte posten om vedlikehaldsarbete og prosjekt med bygg og anlegg. Investeringspostane har vore ferdigstilling av varmestyring i Kviteseid kyrkje, bygging av Kyrkjestøgo og kjøp av leasingbil.

Kristen informerte også om økonomien som blir utfordrande i åra framover. Driftsresultatet for 2023 viste underskot på kr. 88.000, men bruk av fond førte til balanse i rekneskapen.

Straumutgifter og lønningar har vore dei største utgiftspostane.

Trusopplærar Knut Ove Lofstad orienterte om ulike aktivitetar knytt til trusopplæringsarbeidet. Det vart stilt spørsmål om korleis ein kan få fleire familiarar til å møte opp når det er gudstenester med spesielt fokus på borna – t.d. utdeling av dåpsgåver og adventskalender til 5-åringar. Skal denne kalenderen delast ut på ei gudsteneste eller på soknerådsbasaren?

Kirsti Skjæveland opplyste om dei ulike aktivitetane i regi av diakoniutvalet: Mange positive tiltak for ulike grupper i Kviteseid kommune. Spørsmål i denne samanheng: Er temamøta på KOS opne for alle, eller berre for bebruarane på KOS? I utgangspunktet for dei på KOS, men hove til å møte opp også for andre.

Positive tiltak har vore Godhetsveka og språkkafé. Godhetsveka er eit samarbeid på tvers av menighetane + elevar på Kvitsund. Mange oppdrag i bygda – dei som får hjelp, er takknemlege.

Olav Holm orienterte om arrangementa i kulturutvalet og om sitt eige arbeid som organist. Han gav uttrykk for positive erfaringar med tanke på samarbeid med barn og unge og bygdefolk.

Kviteseid 07.05.2024

*Sigrun G. Moen*

Sigrun G. Moen

*Astrid E. Breivik*

*Gunhild Dobbe*